



Nordfjord vassområde

Mottakarar i følgje mottakarliste

Dykkar ref

Vår ref (oppkje ved svar)
14/2154

Dato

18.02.2014

Referat Arbeidsutvalet Vassområde Nordfjord 12.02.2014

Møtet fann stad på Nordfjord Hotell, Nordfjordeid, 12.02.2014 kl 9.30 – 13.00.

Desse møtte:

Jostein Moldestad, Gloppen kommune (møtte for Kristine Dahl)

Magnhild Myklebust, Bremanger kommune (møtte for Bjørn Henry Marthinussen)

Kristian Nave, Selje kommune

Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune (frå kl 12)

Solfrid Trå, Jølster kommune

Stanislawa Voldsund, Eid kommune

Staffan Hjohlman, prosjektleiar

Forfall:

Ståle Hatlelid, Hornindal kommune

Odd Rønningen, Stryn kommune

Sak 1-2014 Orienteringar

Tiltaksanalysen – innspel frå NVE

Vassregionmynda har gjeve sektorstyresmaktene endeleg frist for å kome med innspel direkte til tiltaksprogrammet (ikkje via tiltaksanalysen) 20.02.2014. Alle innspela vert lagt ut på vannportalen.no/sognogfjordane.

Sektorstyresmaktar har innanfor sine ansvarsområde ansvar for å utgreie forslag til tiltak og premissar for fastsetting av miljømål jf. § 22 i vassforskrifta. Dette gjeld for vassførekomstar satt i risiko for ikkje å nå miljømålet. Vassregionmynda ber sektorstyresmaktar som ikkje føl opp sine ansvarsområde, om å gjere greie for kvifor tiltak ikkje er føreslege. For å halde framdriftsplanen for å klare den forskriftfesta fristen på 1. juli, må eit utkast til tiltaksprogram og forvaltningsplan liggje føre i veke 14 (ca. 1. april 2014). Møtet i vassregionutvalet for å handsame utkast til forvaltningsplan og tiltaksprogram vil bli i månadsskiftet april/mai.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) melder at dei ikkje kjem til å rekke fristen 20.02. Dei antydar å kome med sine innspel under høyringsuttalen til forvaltningsplanen med tiltaksprogram (høyring 1.7. – 31.12.2014).

Sluttrapport VestfoldLAB – vassanalysar 2013

Rapporten er oversendt arbeidsutvalet for uttale. Under møtet kome det inn tilbakemelding om feil i rapporten. Feila har ikkje innverknad på tilstandsklassifiseringa i vann-nett og tiltaksanalysen, men må rettast opp for at rapporten skal samsvare med analyseresultata. Prosjektleiariar føl opp.

Finansiering frå Eid kommune

Det vert vist til Vassområdeutvalet, sak 1/14, om at innbetalinga frå Eid kommune er mindre enn budsjettert. Innbetalinga er i tråd med vedtak i Eid kommunestyre, sak 080/13. Forskjellen er kr 29 995 pr år. Innbetalt beløp er mindre enn verdien av resipientgranskingar / overvaking for kommunen i regi av Vassområdet. Avviket kan få følgjer for storleiken på stønaden frå Fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Representant i Vassområdeutvalet for Eid kommune, Anne Britt Andersen, har teke opp spørsmålet med rådmannen. Spørsmålet om finansiering frå Eid kommune blir no handtert på rådmann-nivå direkte mot Fylkeskommunen v/ fylkesdirektør Svein Arne Skuggen Hoff.

Sak 2-2014 Problemkartlegging

Framlegg til problemkartlegging etter Tiltaksanalysen vart gjennomgått. Det vart drøfta om konsulent skal leigast til å utføre kartlegging og eventuelt utgreiing av tiltak. Som døme vart det vist til tiltaksanalyse for Solnørvasstraget i Nordmøre. Fordelinga av innsats per kommune vart drøfta men ikkje avklara. Prosjektleiariar lagar framlegg til konkurransegrunnlag som arbeidsutvalet skal ta standpunkt til.

Sak 3-2014 Samarbeid om små avløpsanlegg

Drøftingar om kommunane sine plikter i høve oppfølging av små avløpsanlegg (mindre enn 50 p.e., ikkje tilknytta kommunale avløpsanlegg). Kunnskap og erfaringar tilseier at slike avløpsanlegg blir forelda etter ca 10-20 år, og har då trong for oppgradering (utbetring av septiktank, utskifting av infiltrasjons- og sandfiltermasser m.m.). (Sjå mellom anna føredrag frå seminar på Skei 28-29.11.2013:

<http://www.vannportalen.no/enkel.aspx?m=60403&amid=3642647>). Oppfølging av små avløpsanlegg har ikkje vore prioritert i kommunar generelt.

Fleire av nordfjordkommunane deltok på seminar om spreidde avløp på Skei 28.-29.11.2013. Under gruppearbeid på seminaret, vart det uttrykt behov for samarbeid mellom kommunar om handtering av små avløpsanlegg. Fordelar med dette vil vere mellom anna felles krav, felles retningslinjer for sakshandsaming, lik behandling av innbyggjarar på tvers av kommunar, samt fagmiljø med kompetanse, kontinuitet og kapasitet.

Døme på samarbeid om små avløpsanlegg: Tilsynet for små avløpsanlegg i

Drammensregionen (oppstart 2011, <http://www.lier.kommune.no/no/Tjenesteomrader-/Bolig-og-eiendom/Sma-avlopsanlegg/>); Søre Sunnmøre Vassområde (samarbeid mellom kommunar er under utgreiing).

Arbeidsutvalet hadde behov for konkretisering av eit slikt samarbeid. Som eit bidrag til dette vil Stanislawa Voldsund lage eit utkast til felles lokal forskrift om små avløpsanlegg, som får sirkulere mellom møtedeltakarane / arbeidsutvalet, for supplering og merknader. Prosjektleiariar vil innkalle til oppfølgingsmøte.

Det var positiv stemning for å inkludere Sunnfjord Vassområde i samarbeidet om små avløpsanlegg. Jølster kommune, som tilhører begge vassområda, står fritt til å formidle til sunnfjordkommunane resultat av drøftingar så langt, samt utkast til forskrift når det ligg føre.

Staffan Hjohlman
Ref.

Mottakarar:

Kristine Dahl, Gloppen kommune
Ståle Hatlelid, Hornindal kommune
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune
Jostein Moldestad, Gloppen kommune
Magnhild Myklebust, Bremanger kommune
Kristian Nave, Selje kommune
Odd Rønningen, Stryn kommune
Ingvald Tennebø, Vågsøy kommune
Solfrid Trå, Jølster kommune
Stanislawa Voldsund, Eid kommune

Kopi til:

Nordfjord Vassområdeutval med vararepresentantar
Referansegruppa for Vassområde Nordfjord
Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Svein Arne Skuggen Hoff
Eid kommune v/ rådmann Ørjan Raknes Forthun
Sunnfjord Vassområde v/ prosjektleiar